



## Korleis finne riktig reguleringsplan i Kommunekart?

- Kom raskt fram til riktig kommune ved å trykke på «meny» oppe i venstre hjørne, «velg kommune», og deretter velge «Fjord» eller trykke på lenkja [Fjord kart \(kommunekart.com\)](http://Fjord kart (kommunekart.com)).
- Dersom ein veit nøyaktig kvar planen ligg på kartet kan ein berre zoome seg inn til riktig stad. Trykk på pluss- og minusteiknet for å zoome inn og ut i kartet. Ein kan også søke opp adresse, stad eller eigedom (gnr/bnr) for å kome seg dit ein vil.



- Når ein har zooma langt nok inn, kan ein trykke på «kartlag» oppe i venstre hjørne. Her kan ein huke av for kva ein vil få opp i kartet. Under «plankart» hukar ein av for «reguleringsplan». Ein må zoome ganske langt inn for å få opp reguleringsplanane i kartet.



## Korleis finne plandokumenta til ein reguleringsplan i Kommunekart?

- Når ein har kome fram til digital plan i kartløyisinga, kan ein trykke på planen og få opp «kartlagsinfo for valgt punkt». Ved å deretter trykke på «reguleringsplan», og «reguleringsplan» igjen vil ein få opp «planregister» nede til høgre.

**Kartlagsinfo for valgt punkt**

- Reguleringsplan
- Arealformålsområde
- Reguleringsplan
- Planidentifikasjon 1524-201304
- Vertikalnivå På grunnen/vannoverflate
- Planstatus Endelig vedtatt arealplan
- Plannavn Tafjord friluftsbad, småbåthamn og camping
- Planbestemmelse Med bestemmelser som egen tekst
- Ikrafttredelsesdato 20.05.2021
- Lovreferanse PBL 2008
- Vis i kart Planregister
- Faresone

- Trykker ein på «planregister», vil ein få opp eit nytt vindu med planregisteret, der ein finn meir informasjon om planen og tilhøyrande plandokument. Det er vanleg at det ligg inne plankart, føresegnar og saksframlegg/vedtak for ein plan. Nokon planar manglar eitt eller fleire av desse dokumenta. For nyare planar etter plan- og bygningsloven av 2008 ligg også planomtale ved.

**GISLINE WebPlan Fjord kommune**

Søk    Planinformasjon    Hjelp

Gjeldende plankart    Gjeldende bestemmelser

### Hovedopplysninger


Nasjonal arealplanid	1578_1524-201304
Administrativ enhet	1578
Planident	1524-201304
Lovreferanse	Plan- og bygningsloven av 2008
Saksår / sekvensnummer	2021 / 35
Plannavn	Detaljregulering for Tafjord friluftsbad, småbåthamn og camping
Type	Detaljregulering
Status	Endelig vedtatt arealplan
Ikrafttredelsesdato	20.05.2021
Vertikalnivå	På grunnen/vannoverflaten
Bestemmelser	Med bestemmelser som egen tekst
Forslagstiller	Privat
Opprinnelig administrativ enhet	1524
Opprinnelig planid	201304

### Plandokumenter


	Dokumenttype	Dokument	Beskrivelse
Gjeldende bestemmelser	Gjeldende bestemmelser	<a href="#">1524-201304 Føresegnar 12.05.2020.pdf</a>	
	Vedtaksdokumenter	<a href="#">1524-201304 Plankart 1-1000 (A3) 12.05.2020.pdf</a>	
	Innstilling (saksframlegg)	<a href="#">1524-201304 Saksframlegg.pdf</a>	
	Planbeskrivelse	<a href="#">1524-201304 Planomtale 12.05.2020.pdf</a>	



- NB! Nokre reguleringsplanar i det digitale kartet har kun planomriss. Dette er fordi kommunen manglar digital versjon av planen. Ein kan likevel trykke innanfor omrisset og kome fram til PDF-versjon av plankartet og andre tilhøyrande plandokument.



- Ein kan blant anna navigere seg fram til forskjellige temakart ved å trykke på «Kartlag», deretter på «Alle kartlag»/ «Sjekk flere kartlag» og så velge ulike temakart under avsnitt «Samfunnstryggleik» ved å trykke på «auge».



- Meir informasjon om bruk av Kommunekart finn ein ved å trykke på «meny» oppe i venstre hjørne, og deretter trykke på fana som heiter «hjelp». Her ligg utfyllande informasjon om bruk av nettsida.

